

FRIIDRETTSGRUPPA - RAPPORT 1975.

I. Styret i inneværande år:

Formann: Jan Olav Sandnes
Nestformann: Johs. Wike
Kasserar: Oddbjørn Blindheim
Styremedl.: Tor Berge
" Øivind Møller
" Håvard Nærø

Hovedoppgåva til dette styret må vel seiast å ha vore å danne startgrunnlaget og skpae eit godt friidrettsmiljø. På bakgrunn av den sesongen som no er til ende kan ein vel seie at dette har lukkast.

Det å få fullført friidrettsanlegget er vel den saka som har vorte lagt mest vekt på. Enno står ein del att før ~~det~~ ^{fed}arbeidet ~~et~~ ^{te} ~~kant~~ avsluttast, men vi har likevel tru på at vi kan starte sesongen 1976 med eit komplett anlegg.

II. SESONGEN 1975.

Friidrettstreninga kom for alvor i gong i oktober 1974 og det var då berre gutar med. Desse var i alderen 10-16 år. Dei har hatt trening 2 ganger i veka og vist framifrå innsats og treningsiver.

Frå om lag mai 1975 kom det og jenter med, og idag er det ei gruppe på om lag 30 stk. som tek del i treninga.

Vi ha no 2 faste treningsdagar i veka både for gutar og jenter og i tillegg til dette trenar mange på eiga hand. Dette opplegget vil vi prøve å halde på med gjennom heile vinteren. og dette vil nok gje gode resultat. Til no har vi for det meste teke del i berre løpsøvingar, men vi vil prøve å rette på dette og legge vekt også på hopp og kast til neste sesong.

Vi har i inneværande sesong hatt deltakarar på dei fleste større jente- gutestemna på Sunnmøre. Mange frå Bergsøy har hevda seg svært godt mellom dei beste i fylket, og nokre har jamvel gått heilt til topps. Dette viser at vi har mange lovande emne å bygge på og som vi vil få stor glede av i komande år.

Tagmessig har vi teke del i fleire stafettar og gjort det bra og. Spesielt må vi neme Pepsi-stafetten i Elnesvågen der vi vann rekrutt-klassa for gutar. Dette var for mange høgdepunktet i sesongen. Vi var ca. 20 stk. med på turen, og vi overnatta i telt ved sida av idrettsbana.

Nemnast må og dei to stemna som vi sjølve har skipa til. Dette var eit gateløp 19. mai og Herøymeisterskapen i friidrett for jenter og gutar. Dette siste var eit banestemne for barn i alderen 11-15 år som var ope for alle fra Herøy kommune. Det var eit sers vellukka arrangement som førte til auka oppslutning og interesse og det er meininga at dette skal verte eit årvisst tiltak.

III. ØKONOMI.

Rekneskapen for 1975 viser ein total omsetnad på ca. kr. 19.000.

Utgiftene er i stor utstrekning reising samt at vi har gått til innkjøp av ein del friidrettsmaterieell (drakter, stoppeklokker, startklokker, kasteredskap).

Inntektene har vi skaffa oss ved å skipe til dans, tombola samt at vi fekk overført kr. 3.000 frå hovedstyret som startkapital.

Ei god hjelp for oss har vore at mange av foreldra til dei aktive har vore svært hjelpsame og stilt seg til disposisjon ved fleire høve.

Når det gjeld budsjettet for 1976 vil nok dette verte langt større, i takt med den aukande oppslutninga og aktiviteten.

IV. UTSIKTER FRAMOVER.

Ser ein framover må konklusjonen verte at det no ligg godt til rette for neste sesong. I fleire år har friidrettsutøvarar frå Herøy stått tilslutta andre lag p.g.a. mangel på slik aktivitet i si eiga kommune. Sidan vi no er komne i gang med friidrett så er det mykje som tyder på at desse vil representere Bergsøy i komande sesong. Dermed vil vi også kunne hevde oss på seniornivå. Då vi no har eiga bane må vi satse på å skipe til stemne i litt større målestokk. Gode utøvarar trekkjer publikum og dette er av stor verdi skal friidretten få fotfeste for framtida.

Ein gatestafett og fleire banestemne har vore omsnakka. Noko anna som ville virke inn på interessa er friidrettsmerkeprøver for vaksne, dersom dette let seg gjere å få til. Dette må verte neste års styre si første og viktigaste oppgåve å avgjere og vi vonar at ambisjonane er til stades.

Årsmøte i B.I.L.

Fosnavåg, 26.10.1975

Styret, friidrettsgruppa